

Saksnr: 2025/50487-2

Saksbehandler: Monica Åsnes

**Saksgang**

| Utval                   | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|-------------------------|-------------|------------|
| Trafikktryggingsutvalet |             | 20.01.2026 |

**Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar - 2026**

Forslag til vedtak:

Med atterhald om vedtak om fordeling av budsjett for 2026 fordeler Trafikktryggingsutvalet tilskot til tildeling av trafikktryggingsaktivitet for 2026 slik tabellane viser:

Tabell 1: Søknad til sykkelskulekurs.

| Søkjær                                    | TS-kommune | Tal på kurs | Tilrådd innvilga kr |
|-------------------------------------------|------------|-------------|---------------------|
| NCF - sykkelskulen, adm. av sykkelskulen  |            |             | 350 000             |
| Alversund skule (Alver)                   | Nei        | 4           | 24 000              |
| Manger skule (Alver)                      | Nei        | 1           | 6 000               |
| Follese skole (Askøy)                     | Nei        | 2           | 12 000              |
| Davanger skole (Askøy)                    | Nei        | 2           | 12 000              |
| Kleppe skole (Askøy)                      | Nei        | 2           | 12 000              |
| Erdal barneskule (Askøy)                  | Nei        | 3           | 18 000              |
| Hanøy skole (Askøy)                       | Nei        | 1           | 6 000               |
| Hetlevik skole (Askøy)                    | Nei        | 1           | 6 000               |
| Haugland skole (Askøy)                    | Nei        | 1           | 6 000               |
| Hop skole (Askøy)                         | Nei        | 3           | 18 000              |
| Tveit skole (Askøy)                       | Nei        | 2           | 12 000              |
| Fusa barneskule (Bjørnafjorden)           | Ja         | 1           | 8 000               |
| Os barneskule (Bjørnafjorden)             | Ja         | 2           | 16 000              |
| Baldersheim barneskule (Bjørnafjorden)    | Ja         | 1           | 8 000               |
| Ådlandsfjorden barneskule (Bjørnafjorden) | Ja         | 2           | 16 000              |
| Borgafjellet barneskule (Bjørnafjorden)   | Ja         | 1           | 8 000               |
| Lunde skule (Bjørnafjorden)               | Ja         | 2           | 16 000              |
| Lysekloster barneskule (Bjørnafjorden)    | Ja         | 2           | 16 000              |

|                                                                                 |     |    |         |
|---------------------------------------------------------------------------------|-----|----|---------|
| <b>Halhjem barneskule (Bjørnafjorden)</b>                                       | Ja  | 2  | 16 000  |
| <b>Fusa barneskule (Bjørnafjorden)</b>                                          | Ja  | 1  | 8 000   |
| <b>Bømlo kommune (skulane Meling, Svortland, Rubbestadneset og Hillestveit)</b> | Ja  | 8  | 64 000  |
| <b>Selevik skule (Fitjar)</b>                                                   | Nei | 1  | 6 000   |
| <b>Stord kommune</b>                                                            | Nei | 3  | 18 000  |
| <b>Hystad skule (Stord)</b>                                                     | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Leirvik skule (Stord)</b>                                                    | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Sagvåg skule (Stord)</b>                                                     | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Samnanger kommune</b>                                                        | Ja  | 2  | 16 000  |
| <b>Tysnes skule(Tysnes)</b>                                                     | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Ullensvang kommune *</b>                                                     | Nei | 2  | 14 000  |
| <b>Vaksdal kommune</b>                                                          | Ja  | 1  | 8 000   |
| <b>Voss herad</b>                                                               | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Bulken skule (Voss)</b>                                                      | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Björgum skule</b>                                                            | Nei | 1  | 6 000   |
| <b>Evanger skule (Voss)</b>                                                     | Nei | 1  | 6 000   |
| <b>Gjernes skule (Voss)</b>                                                     | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Gullfjordungen skule (Voss)</b>                                              | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Palmafossen skule (Voss)</b>                                                 | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Skulestad skule (Voss)</b>                                                   | Nei | 3  | 18 000  |
| <b>Foldnes skule (Øygarden)</b>                                                 | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Knappskog skule (Øygarden)</b>                                               | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Bjørøy skule (Øygarden)</b>                                                  | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Ulveset skule (Øygarden)</b>                                                 | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Koltveit skule (Øygarden)</b>                                                | Nei | 2  | 12 000  |
| <b>Totalt</b>                                                                   |     | 86 | 918 000 |
| *2 kurs, inkludert overnatting for instruktør.                                  |     |    |         |

Tabell 2: Søknad til andre aktiviteter.

| <b>Søkjar</b>                                         | <b>Arrangement</b> | <b>TS kommune</b> | <b>Total kostnad</b> | <b>Søknads sum</b> | <b>Tilrådd innvilga kr</b> |
|-------------------------------------------------------|--------------------|-------------------|----------------------|--------------------|----------------------------|
| <b>Rygg barnehage SA</b>                              | Sykkel aktivitet   | Ja                |                      | 7 000              | 7 000                      |
| <b>Sogndal kommune, Fosshagen utdanningsbarnehage</b> | Refleks            | Ja                |                      | 16 842             | 15 000                     |
| <b>Breim barnehage</b>                                | Sykkel aktivitet   | Ja                |                      | 22 300             | 20 000                     |
| <b>Mona barnehage, Gloppen kommune</b>                | Refleks            | Ja                |                      | 36 000             | 30 000                     |
| <b>Nordstranda barnehage STI</b>                      | Fokus trafikk      | Ja                | 9 000                | 9 000              | 8 000                      |
| <b>Læringsverkstedet Blomsterdalen barnehage AS</b>   | Sykkel aktivitet   | Nei               |                      | 30 000             | 25 000                     |
| <b>Nybø barnehage</b>                                 | Fornye verktøy     | Ja                |                      | 15 000             | 12 000                     |

|                                                                 |                     |     |        |         |         |
|-----------------------------------------------------------------|---------------------|-----|--------|---------|---------|
| <b>Kanadaskogen<br/>friluftsbarnhage<br/>stiftelse</b>          | Sykkel aktivitet    | Nei |        | 30 000  | 20 000  |
| <b>Jondal skule</b>                                             | Sykkel aktivitet    | Nei |        | 10 000  | 8 000   |
| <b>Nore Neset barneskule</b>                                    | Sykkel aktivitet    | Ja  |        | 40 000  | 30 000  |
| <b>Søfteland barneskule</b>                                     | Sykkel aktivitet    | Ja  | 24 000 | 20 000  | 18 000  |
| <b>Sunde skule</b>                                              | Refleks             | Ja  | 50 000 | 50 000  | 25 000  |
| <b>Stryn kommune<br/>oppvekst, Olden</b>                        | Førstehjelp         | Nei |        | 40 000  | 30 000  |
| <b>Stanghelle<br/>skule/Vaksdal<br/>kommune</b>                 | Hjartesone          | Ja  |        | 30 000  | 25 000  |
| <b>Aksvoll kommune,<br/>Gjelsvik skule</b>                      | Sykkel aktivitet    | Nei |        | 20 000  | 18 000  |
| <b>Hafslo barne- og<br/>ungdomsskole</b>                        | Refleks             | Ja  | 48 000 | 48 000  | 35 000  |
| <b>Stryn ungdomsskule</b>                                       | Trafikkopplæring    | Nei |        | 49 860  | 35 000  |
| <b>Vestland<br/>fylkeskommune<br/>opplæring, Odda vgs</b>       | Tryggleiksdag       | Nei |        | 25 000  | 25 000  |
| <b>Vestland<br/>fylkeskommune, Stryn<br/>vgs</b>                | Tryggleiksdag       | Nei |        | 82 700  | 60 000  |
| <b>Kvinnherad<br/>Vidaregåande skule</b>                        | Tryggleiksdag       | Ja  |        | 30 000  | 30 000  |
| <b>Voss gymnas</b>                                              | Rebusløp russ       | Nei |        | 40 000  | 30 000  |
| <b>Voss Vidaregåande<br/>skule</b>                              | Tryggleiksdag       | Nei | 43 000 | 40 000  | 40 000  |
| <b>Vestland<br/>fylkeskommune,<br/>Høyanger</b>                 | Førstehjelp         | Ja  |        | 18 000  | 18 000  |
| <b>FAU Sunde Hopp og<br/>Sprett</b>                             | Refleks             | Ja  |        | 48 000  | 30 000  |
| <b>FAU Haukås skole</b>                                         | Refleks             | Nei |        | 15 000  | 10 000  |
| <b>FAU v/Fridalen skole</b>                                     | Refleks             | Nei |        | 2 000   | 2 000   |
| <b>FAU Hjellestad skole</b>                                     | Hjellestad i hjerte | Nei |        | 20 000  | 15 000  |
| <b>FAU Haukedalen skole</b>                                     | Refleks             | Nei |        | 10 000  | 8 000   |
| <b>FAU Vangen skule</b>                                         | Hjartesone          | Nei |        | 43 970  | 30 000  |
| <b>FAU Hafslo barne- og<br/>ungdomsskule</b>                    | Refleks             | Ja  |        | 22 000  | 15 000  |
| <b>FAU Hafslo barne- og<br/>ungdomsskule</b>                    | Sykkel aktivitet    | Ja  |        | 31 500  | 15 000  |
| <b>FAU Haukedalen skole</b>                                     | Sykkel aktivitet    | Nei |        | 10 000  | 5 000   |
| <b>Foreldrerådet Landås<br/>skole</b>                           | Refleks             | Nei | 28 000 | 26 000  | 20 000  |
| <b>Trafikkfaglig<br/>samarbeidsutvalg(TSU)<br/>Nordhordland</b> | Årleg arr. russ     | Nei |        | 180 000 | 140 000 |

|                                                                 |                                     |     |         |           |           |
|-----------------------------------------------------------------|-------------------------------------|-----|---------|-----------|-----------|
| <b>Idrettslaget Gneist</b>                                      | Refleks                             | Nei |         | 50 000    | 30 000    |
| <b>Hyllestad idrettslag</b>                                     | Sykkel aktivitet                    | Ja  | 15 162  | 15 162    | 10 000    |
| <b>NFF Sogn og Fjordane</b>                                     | Aktivitet gjennom fotball           | Nei |         | 125 000   | 100 000   |
| <b>Wima Norway Women`s international motorcycle association</b> | Kvinneleg MC-førar                  | Nei |         | 46 000    | 46 000    |
| <b>MA - Rusfri Trafikk Nordfjord</b>                            | Refleks                             | Nei |         | 12 700    | 10 000    |
| <b>NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn</b>                           | Ungdomskveldar                      | Nei |         | 100 000   | 70 000    |
| <b>Trafikkfagleg samarbeidsutvalg (TSU) Nordhordland</b>        | Refleks                             | Nei |         | 80 000    | 70 000    |
| <b>Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane</b>                     | Bilfører +65                        | Nei |         | 50 000    | 45 000    |
| <b>ETTERTANKENS DAG Vestland</b>                                | Minnemarkering                      | Nei |         | 80 000    | 75 000    |
| <b>ETTERTANKENS DAG Vestland</b>                                | Tryggleiksdag                       | Nei |         | 86 000    | 80 000    |
| <b>Knarvikmila AKS 77</b>                                       | Årleg arrangement                   | Nei | 500 000 | 125 000   | 100 000   |
| <b>Gloppen opplæringscenter, Gloppen kommune</b>                | Refleks                             | Ja  | 10 000  | 10 000    | 10 000    |
| <b>Syklistforeningen</b>                                        | Sykkel aktivitet                    | Nei | 181 500 | 181 500   | 150 000   |
| <b>NMCU Hordaland</b>                                           | MC-førar                            | Nei |         | 33 000    | 30 000    |
| <b>Stiftinga Fitjar Frivilligsentral</b>                        | Ungdomsskule og vgs, bilfører +65   | Nei |         | 60 000    | 50 000    |
| <b>Ullensvang kommune</b>                                       | Hjertesone ved 4 skular             | Nei |         | 200 000   | 100 000   |
| <b>Nordfjordkompaniet</b>                                       | Trafikkopplæring for læringar       | Ja  |         | 40 000    | 25 000    |
| <b>Bjørnafjorden kommune</b>                                    | Refleks ++                          | Ja  |         | 47 000    | 30 000    |
| <b>Høyanger kommune</b>                                         | Haldningskampanje                   | Ja  |         | 50 000    | 35 000    |
| <b>Vaksdal kommune</b>                                          | Herborg og Hiri                     | Ja  |         | 40 000    | 35 000    |
| <b>Årdal kommune</b>                                            | Konfirmantar i 3 kommunar           | Ja  | 120 000 | 70 000    | 60 000    |
| <b>Solund kommune</b>                                           | Sykkel aktivitet                    | Ja  |         | 75 000    | 35 000    |
| <b>Øygarden kommune</b>                                         | Trafikktryggingssplan               | Nei |         | 72 500    | 30 000    |
| <b>Gloppen kommune</b>                                          | Opplæring heimetenesta              | Ja  | 37 500  | 37 500    | 30 000    |
| <b>Fitjar kommune</b>                                           | Sertifisering Trafikksikker kommune | Nei |         | 100 000   | -         |
|                                                                 |                                     |     |         | 2 904 534 | 2 110 000 |

## Samandrag

Frå og med 2026 er det ei tildeling av tilskot til trafikktryggingsaktivitetar, jamfør politisk sak 7/2025. Vi har motteke 103 søknader innan fristen. Av desse er det 45 søknader til sykkelskule. I budsjett for 2026 er det forslag om å nytte kr 3 000 000,- til tilskot til trafikktryggingsaktivitetar i 2026. Tilsvarende sum for 2025 var 2 800 000 kr.

Arrangement som når breitt ut og større arrangement er prioritert. Fleire av søknadene gjeld refleksinnkjøp og arrangement knytt til refleksbruk .

Anne Iren Fagerbakke  
Direktør  
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

Torill Klinker  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar er ei populær ordning. Frå og med 2026 er det ei tildeling i januar, jamfør politisk sak 7/2025. Saka vart handsama 14. mai 2025 i trafikktryggingsutvalet. På fylkeskommunen si nettside ligg det informasjon og digitalt søknadsskjema for ordninga.

Retningslinene for tilskotsordninga er som følgjer:

#### **Føremål**

*Tilskotsordninga skal bidra til at fleire trafikantar har ei trafiksikker åtfærd.*

#### **Kven kan søkja? (målgrupper)**

*Kommunar, skular og barnehagar (inkludert FAU), helsestasjonar, lag og foreiningar, organisasjonar, institusjonar, aksjonsgrupper og kommunale medverknadsorgan (råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd, ungdomsråd e.l.) kan søke om tilskot. Ordninga gjeld aktivitetar og prosjekt innanfor Vestland fylke. Landsomfattande organisasjonar kan ikkje bli tildelt midlar sentralt.*

#### **Kva kostnader dekkjer ordninga?**

*Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til planlegging og gjennomføring av aktivitetane/prosjekta. Tilskotet kan ikkje nyttast til kostnader knytt til ordinær drift og administrasjon av søkjar si verksemd. Det er mogleg å søkje om midlar til tiltak som blir gjennomført før sak om tildeling er handsama politisk. Tiltaket kan ikkje vere gjennomført før søknad er sendt.*

#### **Kriterium for vurdering:**

- a) *Søknadane vert vurderte etter aktivitetane/prosjekta sin venta verknad på trafiksikker åtfærd.*
- b) *Søknadane vert vurderte etter kost/nytte, der verknaden av tiltaket og kor mange som drar nytte av tiltaket spelar inn.*
- c) *Søknadane vert vurderte ut frå den informasjon og dokumentasjon søkjar har sendt inn. Det er søkjar sitt ansvar å syta for at søknaden er tilstrekkeleg skildra for fylkeskommunen si vurdering av tildeling.*
- d) *Trafikktryggingsaktivitetar i kommunar som inngår i Trafiksikker kommune-arbeidet vert prioriterte ved tildeling.*
- e) *Frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingsarbeid vert prioriterte ved tildeling.*

*Dersom totalkostnaden av aktiviteten er meir enn 50 000 kr er det eit krav om eigenandel på minimum 25 % på den delen som overskrider 50 000 kr. Det vil seie at dersom totalkostnaden er på 60 000 kr må ein ha ein eigenandel på minimum 2 500 kr (Reknestykket:  $(60\,000\text{ kr} - 50\,000\text{ kr}) \cdot 0,25 = 2\,500\text{ kr}$ ).*

*Dugnadsinnsats kan inngå eigenandelen.*

#### **Innkommne søknadar for tildeling i 2026**

Totalt er det 104 søknader for 2026. Før fristen kom det inn 94 søknadar. I tillegg er 11 søknader flytta frå hausttildelinga i 2025 til tildelinga i 2026. Det er stor variasjon i søknadane, både når det gjeld søknadssum og korleis midlane er tenkt brukt. Lag og organisasjonar søker gjerne om midlar til større arrangement og fleire av desse skjer årleg. Dette er arrangement som når breidt ut, og dei er difor prioritert i forslag til tildelinga.

En del søker om innkjøp av refleksar og utstyr til bruk i skule og barnehage. Her har det og vore naudsynt å gjere nokre reduksjonar. Direktøren vurderer det som riktig å vektlegge sjølve aktiviteten som skal gjennomførast og viser til satsingsområde 3 «Trafiksikker åtfærd» i «Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022-2025». Her er ein viktig strategi å bidra til trafikkopplæring og åtfærdsrretta arbeid for barn, unge og eldre.

Ein stor del av søknadane gjeld arrangement tilknytt refleksaksjonar som ofte går føre seg på hausten. Søknadssummen kan variere, og i tillegg til refleksinnkjøp vert det søkt om å få dekkja innkjøp av premier og elevsamlingar med bevertning. Slike arrangement har sjølvstundt ein verdi og bidreg positivt til å fremje refleksbruk og trafiksikre haldningar. Direktør for mobilitet og kollektiv

har i vurderinga lagt vekt på korleis arrangementet bidreg til haldningsskapande trafikktryggingssarbeid.

Til orientering har følgjande kommunar i Vestland status som trafikkssikker kommune: Austrheim, Bjørnafjorden, Bømlo, Etne, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Kvam, Kvinnherad, Luster, Lærdal, Masfjorden, Samnanger, Sogndal, Solund, Stad, Ulvik, Vaksdal og Årdal. Kommunar som har status som trafikkssikker kommune er prioritert i ordninga.

#### Nærare om søknadar til gjennomføring av sykkelskule-kurs

Sykkelskulen er eit arrangement i regi av Norges Cykleforbund (NCF) og dei tilbyr sykkelopplæring med vekt på trygg ferdsel i trafikken. Kurstilbodet er i stadig utvikling, og aktiviteten har vore aukande dei siste åra.

Totalsummen for sykkelskulekurs vil vere kr 918 000 inkludert NCF sine administrasjonskostnader.

Eit kurs er berekna for 25 elevar og vil frå 2026 koste kr 9000 per stk. Direktøren tilrår å tildele kr 8 000 per kurs til dei som er godkjent som trafikkssikker kommunane. Dei kommunane som ikkje har denne godkjenninga vert tilrådd å få dekkja kr 6000 per kurs. Direktøren vil påpeike at det er faktisk gjennomførte kurs som vil vere grunnlaget for utbetalinga.

Kommunar som har søkt om Sykkelskule-kurs:

Alver kommune: søker om 5 kurs ved ulike kommunale skular, totalt kr 30 000.

Askøy kommune: søker om 15 kurs, totalt kr 102 000.

Bjørnafjorden kommune: søker om 14 kurs, totalt kr 112 000.

Bømlo kommune: søker om 8 kurs, totalt kr 64 000.

Fitjar kommune: søker om 1 kurs, totalt kr 6 000.

Stord kommune: søker om totalt 9 kurs ved ulike skuler, totalt kr 54 000.

Samnanger kommune: søker om 2 kurs, totalt kr 16 000.

Tysnes kommune: søker om 2 kurs, totalt kr 12 000.

Ullensvang kommune: søker om 2 kurs, totalt kr 14 000. (to kurs og overnatting)

Vaksdal kommune: søker om 1 kurs totalt kr 8 000.

Voss kommune: søker om kurs 15 ved ulike skoler, totalt kr 90 000.

Øygarden kommune: søker om 10 kurs totalt kr 60 000.

Direktøren innstiller på å tildele 568 000 fordelt på 86 kurs.

I tillegg har NCF søkt om kr 350 000 kr til administrasjon og gjennomføring av Sykkelskule-kursa.

Direktøren innstiller på å tildele totalt kr 918 000.

#### Tilrådde søknader:

##### Barnehagar

**Rygg barnehage SA** søker om kr 7 000. Sykkelaktivitet med fokus på trygg ferdsel i trafikken. Tilskotet skal nyttast til innkjøp av balansesyklar og hjelm. Direktøren innstiller på kr 7 000.

**Fosshagen utdanningsbarnehage** søker om kr 16 842. Barnehagen er ein sentrumsbarnehage som er mykje på tur langs trafikkerte vegar. Barnehagen er sertifisert som trafikkssikker barnehage. Midlane skal nyttast til fornying av refleksvestar, 2 aktivitetsmatter og aktivitetskort for å jobbe betre og meir konkret med trafikkopplæring. Direktøren innstiller på kr 15 000.

**Breim barnehage i Gloppen** søker om kr 22 300. Målet er å førebu førskulebarna på å ferdest i trafikken med sykkel. Midlane skal nyttast til oppmerking av sykkelbane og innkjøp av utstyr, syklar, hjelm og utstyr til merking av bane. Direktøren innstiller på kr 20 000.

**Mona barnehage i Gloppen** søker om kr 36 000. Midlane skal brukast til fornying av utstyr nytta i trafikkopplæring. I tillegg ynskjer barnehagen å kjøpe inn utstyr slik at dei kan lage egne refleksar. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Nordstranda barnehage** søker om kr 9 000. Barnehagen er trafikk sikker og ønsker å fokusere på sikkerhet og skape gode haldningar, til dømes bruk av hjelm. Direktøren innstiller på kr 8 000.

**Læringsverkstedet Blomsterdalen Barnehage** søker om kr 30 000. Målet er å etablere ei sykkelbane med ulike element som bensinstasjon, lyskryss, rundkøring og trafikk skilt for trafikkopplæring. Direktøren innstiller på kr 25 000.

**Nybø barnehage** søker om kr 15 000. Barnehagen var ein av dei første trafikk sikre barnehagane i tidlegare Sogn og Fjordane. Dei har nytta Tarkus barnas trafikk klubb (Trygg trafikk) sidan 2004 og bruker den fortsatt aktiv. Det er behov for å investere i fleire og nok verktøy tilpassa alder og storleik på barnehagen. Direktøren innstiller på kr 12 000.

**Kanadaskogen friluftsbarnehage stiftelse** søker om kr 30 000. Prosjekt som med oppstart i 2024 der ønske er å vidareutvikle trafikkopplæringa i barnehagen. Barnehagen har oppmerka sykkelbane men har behov for fleire motoriske utfordringar og meir leike materiell. Direktøren innstiller på kr 20 000.

#### Barne- og ungdomsskular

**Jondal skule** søker om kr 10 000 til sykkelopplæring i regi av skulen. Skulen ønsker å gjennomføre ein sykkel dag for 3. og 4. klasse. Dei vil kjøpe inn materiell til å lage hinderløype, lære å sjekke sykkel, og kjøpe inn proviant til sykkel dagen. Direktøren innstiller på kr 8 000.

**Nore Neset barneskule** søker om kr 40 000 til sykkelopplæring i regi av skulen. Midlane skal nyttast til innkjøp av både barne- og voksen sykkel, i tillegg hjelm og verktøy til reperasjon og vedlikehald. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Søfteland barneskule** søker om kr 20 000 til trafikkopplæring i regi av skulen. Elevane får både teoretisk og praktisk opplæring i det å vera syklist i eit trafikkbillete der mykje skjer samstundes. Direktøren innstiller på kr 18 000.

**Sunde skule** søker om kr 50 000 til innkjøp av refleksprodukt til alle elevar og vil involvere elevrådet i innkjøpet. Direktøren innstiller på kr 25 000.

**Olden skule, barne og ungdomsskule,** søker om kr 40 000 til innkjøp av utstyr. Dei ønsker å kjøpe inn livredningsdokker til valfag trafikk. Til undervisning i førstehjelp treng dei mc-hjelm og førstehjelpsutstyr til øving. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Stanghelle skule** søker om kr 30 000 til etablering av hjertesone. Skulen vil saman med FAU etablere Hjertesone og redusere tal bilar som køyrer opp til skulen. Det skal markerast droppsone ved parkeringsplassen og vidare ligg det til rette med trygg gangveg via trapper opp til skulen. Direktøren innstiller på kr 25 000.

**Gjelsvik skule** og barnehage søker om kr 20 000 til oppmerking av sykkelbane med minivegar på skuleplassen og i tillegg kjøpe inn skilt. Dette skal brukast i undervisning, i friminutt og på sykkel dag. Direktøren innstiller på kr 18 000.

**Hafslo barne- og ungdomsskule** søker om kr 48 000 til trygg skuleveg. Skulen er Hjertesone. Gjennom refleks-, gå-, skulebuss-, og sykkelaksjon skal arbeidet med trafikk sikkerheit styrkast. Midlane skal nyttast til å arrangere førstehjelpskurs, innkjøp av skilt, innkjøp av hjelm og refleks. Direktøren innstiller på kr 35 000.

**Stryn ungdomsskule** søker om kr 49 860. Skulen ønsker å kjøpe inn meir utstyr til trafikkopplæring på sparkesykkel, øve på skilt og reglar i trafikken gjennom køyring på bane. Direktøren innstiller på kr 35 000.

#### Vidaregåande skular

**Odda vidaregåande skule** søker om kr 25 000 til trafikktryggleiksdag. Ulike etatar stiller ut og gir informasjon til elevane. Det blir høve til å prøve promillebriller, simulator ved bråstopp og besøke brannbil og ambulanse. Direktøren innstiller på kr 25 000.

**Stryn vidaregåande skule** Søkjer om kr 82 700 til trafikktrygglingsdag. Skulen har gjennomført liknande arrangement siste åra. Elevane vert inndelt i grupper som ruller mellom ulike stasjonar. Til slutt vert det oppsummering og premiering av quiz-vinnarar. Direktøren innstiller på kr 60 000.

**Kvinnherad vidaregåande skule** søkjer om kr 30 000 til trafikksikringsdag. Tidlegare har dei arrangert dagen i samarbeid med NAF og Politiet. No ynskjer dei å få inn fleire aktørar som brann og redning, køyreskular og tilbydarar av førstehjelpskurs tillegg til Politi og NAF. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Voss gymnas** søkjer om kr 40 000 til arrangement for russen på Voss. Det er eit rebusløp som går ut på at deltakarane køyrer ei løype med ulike postar, og må løyse oppgåver knytt til trafikktryggleik. Ved skulane på Voss er det til saman ca. 200 russ. Dette arrangementet ynskjer at flest mogleg russ deltek og det er difor lov å nytte både russebilar og privatbilar. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Voss vidaregåande skule** søkjer om kr 40 000 til trafikktryggleiksdag med eksterne aktørar som Trygg Trafikk, brannvern, ambulanse, politi og vegvesen. Det er ca. 130 elevar som jobbar seg igjennom ulike stasjonar med mål om å bli meir bevisst på eiga åtferd og val i trafikken. Direktøren innstiller på kr 40 000.

**Høyanger vidaregåande skule** søkjer om kr 18 000 til gjennomføring av kurs i førstehjelp og trafikkulukke i tunnel og brannfare. Direktøren innstiller på kr 18 000.

#### Andre

**FAU Sunde hopp og sprett** søkjer om kr 48 000 til prosjektet «Glitrande trygg skuleveg» eit trafikktryggingsprosjekt som skal gjere fleire skuleveggar til Sunde skuletryggare og meir synleg. Det skal monterast refleksmateriell langs veg. I tillegg skal det gjennomførast ein kampanje retta mot elevar og føresette med fokus på refleksbruk. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**FAU Haukås skole** søkjer om kr 15 000 til refleksaksjon i gjennom november månad. Trinnet med best refleksbruk vert premiært når månaden er over. Direktøren innstiller på kr 10 000.

**FAU Fridalen skole** søkjer om kr 2000 til premiepengar til refleksaksjon. Den klassen med best bruk av refleks vert premiært. Direktøren innstiller på kr 2 000.

**FAU Hjellestad skole** søkjer om kr 20 000 til prosjektet «Hjellestad i Hjertet». Eit samarbeidsprosjekt mellom skule og heim. Tiltaket er forankra i årsplanen til skulen. Direktøren innstiller på kr 15 000.

**FAU Haukedalen skole** søkjer om kr 10 000 til årleg refleksaksjon. Tilskotet skal dekke innkjøp av refleks og premiering av beste klasser. Direktøren innstiller på kr 8 000.

**FAU Vangen skule** søkjer om kr 43 970 til Hjertesone prosjekt som skal styrke trafikktryggleiken. Prosjektet skal sette inn fysiske tiltak og i tillegg jobbe med haldningsskapande arbeid. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**FAU Hafslo barne- og ungdomsskule** søkjer om kr 22 000 til refleksaksjon og markering av hjartesone rundt skulen og barnehagane. Direktøren innstiller på kr 15 000.

**FAU Hafslo barne- og ungdomsskule** søkjer om kr 31 500 til sykkelsjekk og sykkelverkstad. Målet er å bidra til auka og trygg bruk av sykkel til skule og barnehage. Dei vil innhente sykkelreparatør sportsbutikk i Sogndal som kan halde kurs. Direktøren innstiller på kr 15 000.

**FAU Haukedalen skole** søkjer om kr 10 000. Midlane skal gå til sykling i nærområde og refleksløype som eit utvida tilbod av ordinær sykkel-kids program. Bergen kommune dekker sykkel-kids program for skulen. Direktøren innstiller på kr 5 000.

**Foreldrerådet Landås skule** søkjer om kr 26 000 til refleksaksjon. Arrangementet dekker alle elevane på skulen og skaper eit godt engasjement. Direktøren innstiller på kr 20 000.

**Trafikkfaglig samarbeidsutvalg Nordhordland (TSU)** søker om kr 180 000 til arrangement for avgangselevlar ved vidaregåande skular og elevlar ved folkehøgskular i Nordhordland-regionen. Dette er eit årleg arrangement totalt for ca. 600 elevlar(russ), med fokus på fart og rus i trafikken. Direktøren innstiller på kr 140 000.

**Idrettslaget Gneist** søker om kr 50 000 til refleksaksjon blant sine 750 medlemmer. Prosjektet vert gjennomført ei refleksveke på hausten. Tiltaket vert teke godt imot. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Hyllestad Idrettslag** søker om kr 15 162 til trafikktryggingstiltak i nærmiljøet. Det er fokus på sykkel, og målet er godkjente og sikre sykkelhjelm til eigne medlemmer. Våren 2026 vil det bli eit arrangement i samband med sesong start. Her vil det bli gjennomgang på kva som er viktig å hugse på når dei ferdast på dei smale vegane i Hyllestad. Direktøren innstiller på kr 10 000.

**NFF Sogn og Fjordane** søker om kr 125 000 til aktivitetar i samband med fotball arrangement. Det er ca. 14 000 aktive medlemmer i NFF Sogn og Fjordane. Direktøren innstiller på kr 100 000.

**Wima Norway Women`s** søker om kr 46 000. Målgruppe er kvinnelege motorsyklistar i alle aldra, med fokus på fart og rus. Direktøren innstiller på kr 46 000.

**MA – Rusfri trafikk Nordfjord** søker om kr 12 700 til innkjøp av refleksvestar/selar til alle 5.klassingar i Nordfjord. Vi møter elevane i klasserommet der vi poengterer viktigheita av å bli sett i trafikken. Direktøren innstiller på kr 10 000.

**NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn** søker om kr 100 000 til rusfrie ungdomskveldar for elevlar i 10. klasse frå Sunnfjordområdet og Ytre Sogn. Det er fokus på trafikktryggleik og diverse haldningsskapande aktivitetar. Direktøren innstiller på kr 70 000.

**Trafikkfaglig samarbeidsutvalg Nordhordland (TSU)** søker om kr 80 000 til «Gla`kontroll for mjuke trafikkantar». Dette er ein refleksaksjon som dekker 7 kommunar, med utdeling av refleks på ulike stader der dei møter mjuke trafikkantar. Det kan vere utanfor skular, barnehagar eller kollektivknutepunkt. Direktøren innstiller på kr 70 000.

**Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane** søker om kr 50 000 til kurs for bilførarar over 65 år. Pensjonistforbundet har 35 lokallag som arrangerer kurset. Direktøren innstiller på kr 45 000.

**Ettertankens dag Vestland** søker om kr 80 000 til minnemarkeringsarrangement etter omkomne i trafikken i Vestland. Arrangementa er opne for alle men med særskilt invitasjon til etterlatte etter omkomne i trafikken. Direktøren innstiller på kr 75 000.

**Ettertankens dag Vestland** søker om kr 86 000 til Trafikksikkerhetsdagen. Det er eit ope arrangement med samarbeid mellom ulike etatar og organisasjonar som jobbar med trafikksikring. Ei rekkje aktørar stiller med stands på Festplassen på dette arrangementet. Direktøren innstiller på kr 80 000.

**Knarvikmila AKS 77** søker om kr 125 000 til eit årleg arrangement. Hovudtema dei siste åra har vore trafikksikkerheit. 700 elevlar frå 10.klasse har delteke på Trafikksikkerheitskurs. Direktøren innstiller på kr 100 000.

**Gloppen opplæringscenter** søker om kr 10 000 til å arrangere refleksens dag. Dette er eit kompetansesenter for norskopplæring og førebunde opplæring for vaksne. Direktøren innstiller på kr 10 000.

**Syklistforeningen Bergen** søker om kr 181 500 til kampanjen «Synlig syklist». I dei seinare åra omfattar aksjonen i større grad teknisk tilstandsrapport av sykklar, og då barn sine sykklar. På ein skule kan ein sykkelsjekk omfatte ca. 50 sykklar. I tillegg inneheld kampanjen lykt utdeling. Direktøren innstiller på kr 150 000.

**NMCU Hordaland** søker om kr 33 000 til førarutvikling i starten av MC-sesongen, med oppfrisking av køyreferdigheitene på eigna område. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Stiftinga Fitjar Frivilligsentral** søker om kr 60 000 til trafikkdag med fokus på haldningar. Arrangementet er for 9. og 10.trinn på ungdomsskulen og alle elevar ved Fitjar vidaregåande skule. Det blir i tillegg arrangert eige kurs for eldre med oppfrisking av trafikk-kunnskapar. Direktøren innstiller på kr 50 000.

**Ullensvang kommune Hjertesone** søker om kr 200 000 til å starte opp arbeidet med Hjertesone ved fleire skular. Det er søkt om midlar til konkrete tiltak som skilt oppsetting med meir. Desse tiltaka er i tråd med nasjonale anbefalingar. Vi heier på hjertesone tiltak, men ynskjer meir aktivitet rundt tiltaket. Direktøren innstiller på kr 100 000.

**Nordfjordkompaniet** søker om kr 40 000 til trafikk opplæring for lærlingar. Samlinga baserer seg på praktiske øvingar i regi av Statens vegvesen, i tillegg til teori og dialog med ungdomen. Direktøren innstiller på kr 25 000.

**Bjørnafjorden kommune** søker om kr 47 000 til refleksaksjon. Aksjonen har 3 delar. Del 1 er informasjon til 10.klassingar. Trygg trafikk, Politi og køyreskulane deltek. Det vert arrangert oppgåveløype, med premie til deltakande lag. Del 2 er «Glad kontrollar» gjennomført av Trygg trafikk, Politiet og kommunen. Del 3 er annonsering i lokalavis, lokalavisa sine nettsider og i tillegg på kommunen sine flater. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Høyanger kommune** søker om kr 50 000 til haldningskampanjen «Du er så fin når du sykklar». Det skal lagast veggprint som oppmodar fleire til å gå og sykle til/frå barnehage, skule, arbeid og fritid. Direktøren innstiller på kr 35 000.

**Vaksdal kommune Herborg og Hiri** søker om kr 40 000 til teaterforestilling Herborg og Hiri som appellerer til borna på ein svært god måte. Direktøren innstiller på kr 35 000.

**Årdal kommune** søker om kr 70 000 til trafikktryggingstiltak i kommunen. Årdal tenk tryggleik har eit prosjekt som heiter Politikameratane. Dette er eit samarbeid med lokalt politi og konfirmantane i 3 kommunar. Direktøren innstiller på kr 60 000.

**Solund kommune** søker om kr 75 000 til å arrangere sykkeldag for elevar på skulen i samarbeid med føresette. Kurs i vedlikehald av sykkel, trafikkreglar, sykkelløype og fokus på bruk av sykkelhjelm. Ynskjer gjennomføre førstehjelpskurs med ambulansetenesta/helsepersonell. Direktøren innstiller på kr 35 000.

**Øygarden kommune** søker om kr 72 500 til prosjekt som skal styrke trafikkkompetansen og tryggleiken blant barn og unge i kommunen. Bakgrunnen er ny trafikktryggingsplan. Gjennom systematisk opplæring og praktiske aktivitetar skal dei få kunnskap og haldingar som fremjar trygg ferdsel. Det vert særleg fokus på sykkel og elsparkesykkel. Direktøren innstiller på kr 30 000.

**Gloppen kommune** søker om kr 37 500 til opplæring for heimetenesta, til teoretisk og praktisk kurs i bilkøyning for tilsette i Gloppen heimeteneste. Søknaden fekk avslag i hausttildelinga 2025, eg er sendt inn på nytt til 2026 fordelinga. «Bilen» er kontoret til dei tilsette og mykje av arbeidstida går med til køying. Ein ser eit stort behov for spesifikke trafikktryggingstiltak i hms-planen for å bidra til auka tryggleik for dei som brukar bil i arbeid. I dialog med Trygg Trafikk ser vi at dette er eit godt tiltak. Gloppen kommune er resertifisert som Trafikksikker kommune. Direktør innstiller på kr 30 000.

#### Søknader som ikkje er tilrådd

**Fitjar kommune** søker om kr 100 000 til å bli sertifisert til Trafikksikker kommune. Trafikksikker kommune er basert på eit godt trafikksikkerheitsarbeid i kommunen. Trygg trafikk har utarbeida materiell som kan nyttast utan kostnad for kommunane. Godkjenningsordninga er difor eit «gratis» tilbod til alle kommunar. Direktør innstiller på å avslå søknaden.

#### **Vedtakskompetanse**

I følgje reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2 b) har trafikktryggingsutvalet avgjerdsmynde når det gjeld tildeling av tilskotsmidlar til trafikktryggingsaktivitetar.

**Administrative/økonomiske konsekvensar:**

Tilskotsordninga er finansiert gjennom Trafikktryggingsutvalet sitt budsjett. Med forbehold om vedteke budsjett er det sett av kr 3 000 000 til gjennomføring av trafikktryggingsaktivitetar i 2026. Av erfaring frå tidlegare år blir ikkje alle prosjekt gjennomført, og får difor ikkje utbetalt midlar. I 2026 er det tilrådd å tildele totalt kr 3 028 000, det betyr kr 28 000 meir enn det som er budsjettert.

**Klima:**

Tilskotsordninga har ikkje direkte innverknad på klima, men trafikktryggleik er viktig for å få fleire til å gå og sykle og kan koplast til arbeidet med å redusere utslepp.

**Folkehelse:**

Oppleving av tryggleik er viktig for dei som ferdast i trafikken, og særleg gjeld dette for mjuke trafikantar. Tilskotsordninga gir støtte til opplæringstiltak, gå- og sykkelaksjonar og haldningskampanjar som bidreg til å trygge menneske i alle aldrar.

**Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:**

Saka støttar opp under utviklingsplanen si satsing på trygge lokalmiljø, idrett og kultur.

**Konklusjon**

Tilskotsordninga for trafikktryggingsaktivitetar for 2026 fekk totalt 104 søknadar innan søknadsfristen 23.11.2025. I forslag til budsjett er det sett av kr 3 000 000 til tilskot til Trafikktryggings aktivitet. For 2026 er samla søknadssum på kr 4 010 804. Direktør tilrår å fordele kr 3 028 000 til 103 søknader.